



Norconsult Norge AS

Saksbehandlar, innvalstelefon

Fredrik Arnesen, 5557 2155

Angående førespurnad om uttale - dispensasjon - Kvinnherad 104/1 - utbetring av damanlegg Midtbotnvatn og Staffivatn - Blådalen - Matre

Vi viser til brev frå Norconsult Norge AS av 04.02.2025, om uttale til søknad om dispensasjon frå kommuneplan for utbetring av damanlegg Midtbotnvatn og Staffivatn.

Norconsult ber om at Statsforvaltaren gjer uttale før søknaden vert sendt til handsaming i Kvinnherad kommune. Dette av omsyn til at arbeida er venta å starte opp i april. I oversendinga vert det opplyst at konsesjonssøknaden til Blåfalli Fjellhaugenkraftverk ligg til handsaming hjå Energidepartementet (med positiv innstilling frå NVE).

Det er Kvinnherad kommune som er planmyndigheit og som mellom anna må vurdere trong for dispensasjonar, krav til utgreiningar og annan dokumentasjon knytt til dispensasjonssøknadar mv. Kommunen må vidare vurdere om grunnlaget for å gje dispensasjon er til stades. Statsforvaltaren vert normalt førelagt dispensasjonar etter at kommunen har gjort desse vurderingane. Det vil etter vårt syn vere uheldig om statsforvaltaren uttaler seg til ein tredjepart på ein måte som kan leggje føringar for den sjølvstendige handsaminga hjå kommunen. Konsesjonssøknaden er helle ikkje ferdig handsama, og det føreligg difor ikkje eit vedtak om konsesjon i saka etter energilovgjevinga.

Statsforvaltaren vil difor tilrå at dispensasjonssøknaden vert sendt direkte til Kvinnherad kommune. Dersom kommunen eventuelt ber Statsforvaltaren om uttale i saka på eit seinare tidspunkt, vil vi gje uttale etter ordinær prosess jf. plan- og bygningslova § 19-1.

Med helsing

Egil Hauge
seksjonsleiar

Fredrik Arnesen
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent



Kopi til:

Kvinnherad kommune

Rosendalsvegen 10

5470

ROSENDAL